

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 26. januar 2026

Stad: Kommunestyresalen i Hemsedal kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Guro Veslehaug Flatland, klimakoordinator

Forfall:

Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune

SAK 01/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 19. DESEMBER 2025**Vedtak:**

Protokollen frå møte 19. desember 2026 er godkjent.

SAK 02/26 ORIENTERING OM GRIND FORSIKRING

Hallgeir Mythe orienterte om Grind forsikring og om korleis dei kommunale forsikringsavtalene blir handsama i det nye selskapet.

SAK 03/26 PLAN FOR SAMFERDSELSARBEIDET I REGIONRÅDET

Jan Olav orienterte frå møte i samferdselsutvalet, gav status for arbeidet og møteverksemd i 2025 og så vart det ei drøfting om organisering og arbeidsmetodikk. Det var t også ein gjennomgang av planen for 2026.

- Q1 Gi innspel til BFK vedr. auka samferdselsbudsjett (buss og veg)
- Q1 Jobbe med bompengeproppen vegpakke Hallingdal
- Q1 Oppfølging av RV 7 vest for Gol. Strekningsvise utbetringar
- Q2 Møte med fylkeskommunen og nedre Buskerud
- Q2 innspel til revidert nasjonalbudsjett
- Q2 Møte med transportkomiteen
- Q3 Innspel til statsbudsjett framlegg
- Q4 innspel og høyring til statsbudsjett vedtak

SAK 04/26 INFO FRÅ KRU**Legevakt:**

Iselin Haugo Stavn orienterte frå møte i arbeidsgruppa for legevaktsamarbeid. Det er god stemning i arbeidsgruppa. Viktig med god forankring og det er ønske om i gi hyppige statusrapportar til Regionråd. Arbeidsgruppa jobbar no med kunnskapsgrunnlaget - statistikk og innhenting. Det blir lagt opp til ein sak i Hallingtinget i april og ferdigstilling i løpet av året.

Vedtak:

Regionrådet vedtok at frist for ferdigstilling blir utsett til 31.des 2026

KI – lab Hemsedal

I dag startar ny runde med KI- laben. 11 deltakarar er med i denne runden. NAV – Vestviken, Nav Hallingdal, BFK og kommunane i Hallingdal er på. Podium AS er leverandør av tenesta

SAK 05/26 ORIENTERING FRÅ DEI ULIKE VERVA REGIONRÅDET ER INNE I

Jørund: Har vore på totalberedskapskurs saman med Heidi og Merete. Bra kurs med god overføringsverdi lokalt.

Pål: Ønsker ei arbeidsgruppe som jobbar med Campus Hallingdal.

Sigrid: Hallingdal renovasjon - Det skjer mykje der i desse dagar.

Dette kjem me attende til

Kontaktmøte med Vinn – positivt møte, spesielt dialogen med NAV

SLT: Hugs oppgåve til kommunane om samspel mellom politi og kommune

Merete: Vi bør drøfte Hallinghelse og andre kommunale tenester i marsmøte vårt.

Heidi: FNB: 26. feb. møte på Stortinget Oslo-Bergen på 4 timar - mogleg eller umogleg
AU FNB: jobbar med tilsetting av ny strategisk rådgjevar/lobbyist for FNB
Vestre Viken: Jobbar med å få til møte mellom regionrådsordførarane og
toppleinga i Vestre Viken Helseforetak
Vidju: Jobbar med sisteutkast på eigarstrategien
KS: Ordførarsamling 29. jan, Strategikonferanse 12. feb, KTP i mars

Hege: Budsjett for Vestre Viken er vedtatt. Alle klinikkane må spare i langtidsplanen.
Det er tatt ned 6 medisinske senger på Ringerike sykehus, ingen endring for
Hallingdal sjukestugu.

**SAK 06/26 SAMARBEIDSAVTALE «MISSIONSSATSINGEN PÅ SIRKULÆR GRØNN NÆRINGS-
OG INDUSTRIUTVIKLING»**

Vedtak:

Regionrådet tar sak om partnerskapsavtale med BFK til orientering og ber administrasjonen
signere avtala.

SAK 07/26 INSPIRASJONSTUR FOR REGIONRÅDET

Jan Olav la fram priseksempel på ulike alternativ. Regionrådet drøfta ulike løysingar og vil
lande ei løysing neste møte.

SAK 08/26 NYTT FRÅ BUSKERUD

I vekene framover vil Buskerud fylkeskommune behandle fleire saker som har betydning for
Hallingdal - både for næringsutvikling, kultur, idrett, folkehelse og samferdsel.

Næring og innovasjon (26.01.26)

Sak 4/2026 Støtteordningar for næringsutvikling som skal lysast ut i 2026.

Forslaget er å vidareføre satsinga frå 2025, med to nye ordningar vedtatt hausten 2025. Samla
ramme omfattar 7 mill. kr til næringsutvikling og innovasjon, 2 mill. kr til KulturArvOpplevelser
(KAO), inntil 5 mill. kr til bedriftsintern opplæring (BIO) og 2 mill. kr til Kompetanse for
framtidens Buskerud.

For Hallingdal gir dette moglegheiter innan reiseliv/heilårssatsing, omstilling, kompetanseløft,
landbruk og forskning.

Sak 5/2026 - tiltaksbudsjett for næring og klima i 2026 foreslår 2 mill. kr til Kompetanse for
framtidens Buskerud, samt samarbeidsavtaler med Siva. For Hallingdal er det spesielt viktig at
forslaget er at Hallingdal Næringshage får 400 000 kr i fylkeskommunale midlar som regional
utviklingsaktør.

Sak 6/2026 gjeld oppdragsbrev og fordeling av 24,33 mill. kr i statlege næringsmiddel mellom
Innovasjon Norge og Siva. Forslaget er 11 mill. kr til Siva og 13,33 mill. kr til Innovasjon Norge,
og at Hallingdal Næringshage får 2,2 mill. kr gjennom Siva. Janne Buhaug kjem på neste møte i
regionrådet for å svare ut spørsmål om konsekvensar av dette.

Kultur, idrett og folkehelse (27.01.26)

Sak 4/2026 - tiltaksbudsjett for kultur, idrett og friluftsliv. For Hallingdal: moglegheiter
gjennom søkbare ordningar og spelemidlar i 2026, blant annet til kultur, idrett, friluftsliv og
inkludering, samt anlegg, kulturbygg og Den kulturelle skolesekken. Prosjekt som dagstur-
hytter og TryggNaTur kan også vera relevante i Hallingdal.

Sak 5/2026 foreslår støtte til fleire idrettsarrangement i Hallingdal:

Sak 6/2026 (Aktiv i Buskerud) foreslår 630 000 kr til fem tiltak i Hallingdal: turtilrettelegging i Ål, Hemsedalsviku, etablering av felles idretts- og aktivitetsråd i midtre Hallingdal, «Unge ledere» i Gol og interkommunal friluftslivsdag i Hallingdal.

Sak 7/2026 (Ung deltaking og medverkinga) Forslag om 60 000 kr til Hallingdal juniorspele-mannslag («Storhelg i Hallingdal»).

Kunst- og kulturprosjekt: forslag om 340 000 kr til Hallingdal (Sprang, Operalåven og Leveld Kunstnartun).

Festivaltilskot: Folkemusikkveka (350 000 kr, treårig) og SundreBall (80 000 kr) – totalt 430 000 kr til Ål/Hallingdal.

Sak 17/2026 (ABC for god psykisk helse) foreslår en totalramme på 1 mill. kr i 2026, der forslaget er 400 000 kr til å forsterke satsinga i Hallingdal, gjennom frivilligsentralane

Samferdsel (28.01.26)

Sak 1/2026 gjelder medverking om kollektivtransport i 2026, etter at fylkestinget har økt ramma med 17 mill. kr. Hallingdal er et tydeleg innsatsområde, og regionråd/kommunar blir til å koma med innspel tidleg.

SAK 09/26 EVENTUELT

Erasmus+ - ungdomsstyrte prosjekt

Sigrd Simensen Ilsøy orienterte frå møte i HUR der dei drøfta

Kollektivtransport, Ung i fjellet, tilflytting og fråflytting – delta på fjellkonferansen

Akutthjelpeordninga – Ole Johnny

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe i september. Ole Johnny tar eit initiativ for å få arbeidsgruppa i gong.

Samprat om eigarstrategi Vidju.

Nabogo

Guro Veslehaug Flatland slo eit slag for nabogo og oppmodar alle om å laste ned Nabogoappen.

<https://nabogo.com/no/app/>

Hallingdal, 9. feb 2026

for rådsordførar
Jan Olav Helling
Dagleg leiar



HJELP HVERANDRE Å KOMME FRAM....

Det er **bra for lommeboka og gjør det lettere å komme seg rundt i Hallingdal.**
Derfor belønner Brakar de som samkjører med appen  **nabogo**.

SLIK FUNGERER DET:

1. Last ned appen og opprett en profil
2. Tilby skyss eller finn noen å reise sammen med
3. Sjøfører får **25 kr per 20 km** (1,50 kr per km opptil 10 km, deretter 1 kr per km).
4. Passasjerer reiser **gratis de første 20 km** og betaler deretter kun 1 kr per km.

FORDELER:

- Du hjelper andre å komme seg dit de ønsker
- Mindre trafikk og mindre parkeringsstress
- Møt naboer, kolleger og nye folk
- Gjør en konkret innsats for klimaet og tjen penger samtidig